



Kålås & Sønn Byggevarehandel AS
Sauvågen 83
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2113 - 17/18301

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
20.06.2017

Presisering i skriv om førebels svar - trong for tilleggsinformasjon - gbnr 11/64 og 85 Hølleland

Etter samtale i dag med ansvarleg søker, ble undertegnede gjort oppmerksom på at alternativ 1 og alternativ 2 for plassering av slamsugerbil er bytta om i skrivet av 16.06.2017. Dette er presisert i følgjande avsnitt om den kommunale slamtømmeordninga:

Den kommunal slamtømmeordninga

I tilsvarende sak for naboeigedom, sak 16/2480, gbnr 11/74 Hølleland vart det presisert at «Omsøkte avlaupsløysing krev at eigedommen kan knytast til den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår, jf. Lindås kommune si forskrift for slamtømming.»

Det må i vår sak dokumenterast at vilkåra for slamtømming vert stetta. Det er tre kumulative vilkår (alle vilkår må vere stetta) for å få utsleppsløyve for gbnr 11/64 og 85.

Første vilkår er at tilkomstvegen må ha nødvendig fri breidde, høgde og bæreevne for tømmebil, normalt 8 tonn akseltrykk. Veggen vist i situasjonsplan til alternativ 1 og 2 for tømmebil har administrasjonen sjølv besiktiga ved tidligare synfaringar. Tilkomstvegen, som er illustrert for tømmebilen, kan karakteriserast som ein gangsti, sjå vedlagte ortofoto frå 2015. Det er ikkje sannsynleggjort at alternativ 2 kan fungere som tilkomstveg for tømmebil då den ikkje er køyrbar for eit tyngre kjøretøy. Alternativ 1 er klart urealistisk då gangstien er meir gjengrodd og er brattare enn alternativ 2. Det er såleis ikkje dokumentert at tilkomstvegen er opparbeida til å ha ein fri breidde, høgde og bæreevne for tømmebil, normalt 8 tonn akseltrykk. Veggen kan såleis ikkje nyttast som tilkomstveg for tømmebil.

Andre vilkår for utsleppsløyve er at avstand frå køyrbar veg til slamavskiljar ikkje er meir enn 100 meter. I e-post av 26.01.2017 frå Sigmund Holmaas, Oppmåling, visast det til situasjonsplan, datert 26.01.2017, med to alternative plasseringar for tømmebil. Avstand frå slamavskiljar til alt.1 i horisontal luftlinje er 57,5m og avstand til alternativ 2 er 83,9 m. Viss ein nyttar horisontal luftlinje for alternativ 2 kjem ein i konflikt med uthus på gbnr 11/102, sjå ortofoto frå 2015. Tømmeleidning må då plasserast i knekt linje som gir meir enn 100 m frå alternativ 2 til slamavskiljar. Alternativ 1 er som nemnt klart urealistisk. I tillegg vises det til at



det ikkje er dokumentert kor det er køyrbar veg for tømmebilen. Avstand frå køyrbar veg til slamavskiljar er såleis meir enn 100m.

Tredje vilkår for utsleppsløyve er at slamavskiljaren ikkje ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar veg. I e-post av 26.01.2017 frå Sigmund Holmaas, Oppmåling, er det presisert at høgde topp slamavskiljar på kote 11.80 m.o.h. Høgdeplassering av slamsugerbil, alt. 1 på kote 21.20 m.o.h. og alt. 2 på kote 19,05 m.o.h.

Slamavskiljaren ligg 9,4 m (21.20-11.80) lågare frå køyrbar veg for alternativ 1. I tillegg vises det til at det ikkje er dokumentert kor det er køyrbar veg for tømmebilen. Slamavskiljaren ligg såleis lågare enn 8m lågare frå køyrbar veg for alternativ 1. Alternativ 1 er som nemnt klart urealistisk.

Slamavskiljaren ligg 7,3 m (19,05-11.80) lågare frå køyrbar veg for alternativ 2. I tillegg vises det til at det ikkje er dokumentert kor det er køyrbar veg for tømmebilen slik at det trolig blir ein større høgdeforskjell enn 7,3m frå køyrbar veg til slamavskiljaren. Slamavskiljaren ligg såleis lågare enn 8m lågare frå køyrbar veg for alternativ 2.

Etter dette er det ikkje dokumentert at vilkåra for den kommunale slamtømmeordninga er stetta.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Kålås & Sønn Byggevarehandel AS	Sauvågen 83	5915	HJELMÅS
Nils Bersvend Bjerkeng	Hjellestadvegen 122 H	5258	BLOMSTERDALEN
Trine Linde Strømme	Geitevikja 16	5353	STRAUME

Mottakarar:

Kålås & Sønn Byggevarehandel AS	Sauvågen 83	5915	HJELMÅS
---------------------------------	-------------	------	---------